

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 29.11.2022 i Torvmyrane 29.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 17.30.

Desse møtte:

- Hallvard Bjørneset
- Anne Ellingsen
- Henriette Hafsaas
- Ove Myklebust
- Jan Henning Egset (leiar i Repr.skapet, har møte- og talerett)

Styremedlem Jon Helge Bjørndal hadde forfall. Ingen av Ørsta kommune sine varafolk hadde høve til å møte.

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 41 til og med 49-22, med merknad om at løpenummer 40 i saksrekkefølga er utegløymt.

Sakliste:

Sak 41-22 Oppgradering av anlegget i Torvmyrane. Orienterings- og drøftingssak

Vedtak: (4 røysteføre)

Styret tek orienteringa til vitende og ber om at ein heilskapleg plan for oppgradering av VØR sitt anlegg i Hovden vert utarbeidd i 2023, slik det er nedfelt i Økonomiplan 2023-25 og Strategiplanen 2023-25.

Handsaminga:

Saman med innkallinga, var det sendt ut rapport utarbeidd av Conplan AS for VØR i mai 2022 om oppgradering av miljøstasjonen. Det vart gjennomført synfaring på anlegget, der også dagleg leiar i RSS Øyvind Amdam deltok.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 42-22 Retura Søre Sunnmøre – orientering v/ dagleg leiar Øyvind Amdam

Vedtak: (4 røysteføre):

Styret tek orienteringa frå dagleg leiar i RSS til vitende

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 43-22 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak (4 røysteføre):

Styret tek dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om driftsetting av kanalpressa, fokus på kvalitet i papir og plast, økonomi og likviditet, status Melsgjerdet, organisasjonstilhøve, status biogass m.v.

Sak 44-22 Byggerekneskap for Melsgjerdet 3

Vedtak (4 røysteføre):

Styret godkjenner økonomirapporten slik den er framlagt med samla byggekostnader på kr 98.366.057,-. Kostnader knytt til kjøp og opparbeiding av tomt kjem i tillegg.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Sak 45-22 Justering av prislista for miljøstasjonen

Vedtak (4 røysteføre):

Styret vedtek slike leveringsvilkår for 2023 for avfall som vert levert av private til miljøstasjonane, med følgande endringar i høve til tilrådinga:

- Minsteprisen på miljøstasjonen gjeld alle betalingsfraksjonar, inntil 30 kg og vert sett til kr 75,-.
- Papir til makulering vert teken ut som tilgjengeleg teneste

Alle prisane er inkl. mva.

1. Følgande fraksjonar kan leverast gratis til miljøstasjonen i Hovden:
 - a. Papir og papp
 - b. Metall
 - c. Hageavfall (*føresett reint og utan framande artar*)
 - d. Farleg avfall
 - e. Elektrisk avfall

- f. Tekstilar
- g. Impregneret trevirke (kreosot eller CCA / CA)
- h. Asbest
- i. Dekk utan felg

2. For miljøstasjonen i Hovden gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

MILJØSTASJON HOVDEN	Eining	Pris 2022 kr	Pris 2023, kr
Minstepris - restavfall og trevirke (0-20 kg)	stk	50,-	100,-
Brennbart restavfall	kg	2,50	2,70
Ikkje-brennbart restavfall (keramikk, porselen, glas)	kg	2,50	2,70
Isolasjon og gips	Kg	2,50	2,70
Dekk med felg	Kg	2,50	2,70
Hardplast	Kg	2,50	2,70
Ureint hageavfall / framande artar	Kg	1,88	2,70
Trevirke	kg	1,80	2,-
Mat-/våtorganisk avfall	kg	2,50	0
Papir	Kg	0,88	0
Papir til makulering	kg	6,50	6,50
Isopor	M3	50,-	50,-
Leige av hengar for transport av avfall	Pr gang	200,-	220,-
Merka sekkar for restavfall	Stk	100,-	100,-

3. For miljøstasjonen på Grodås gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

MILJØSTASJON GRODÅS	Eining	Pris 2022, kr	Pris 2023, kr
Personbil inntil 1m3:	Kr	125,00	125,-
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr	187,50	200,-
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr	375,00	400,-
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr	625,00	650,-

Levering av volum over 6 m3: berre etter avtale.

4. Generelle vilkår:

- Private kan levere farleg avfall inntil 1000 kg pr år og PCB-haldige isolerglas, inntil 500 kg pr. år innanfor gebyret.
- For fleire av fraksjonane gjeld krav til kvalitet og dimensjonar, samt krav til emballering. Informasjon om dette vert gjort tilgjengeleg på heimesida til VØR saman med øvrige leveringsvilkår.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Sak 46-22 Likviditet og løyve til låneopptak 2023

Vedtak: (4 røysteføre)

1. Styret viser til vedtak i sak 31-22, der det vart gitt fullmakt til styreleiar og dagleg leiar til å ta opp likviditetslån i tråd med §12 i selskapsavtalen. Styret opprettheld dette vedtaket.
2. Representantskapet har i sak 12-22 godkjent gebyrfinansierte låneopptak knytt til investeringar i utstyr på til saman 8,5 mill.kr, innanfor ramma i selskapsavtalen § 12. Styret vedtek å gjennomføre dette låneopptaket for 2023, i tråd med representantskapet sitt vedtak. Gjennomføring av låneopptaket føreset at VØR sitt budsjett for 2023 vert godkjent av eigarkommunane.
3. Styret delegerer til styreleiar og dagleg leiar å gjennomføre låneopptaket, basert på beste tilbod frå dei spurde tilbodsgjevarane.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Sak 47-22 Møteplan for 2023

Vedtak: (4 røysteføre)

Styret vedtek slike møtedagar i 2023:

- Styremøte 7. februar, 28. mars, 6. juni, 26. september, 28. november.
- Representantskapsmøte: 25. april, 24. oktober.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Sak 48-22 Referatsaker

Vedtak: (4 røysteføre)

Styret tek referatsaka til orientering

Handsaminga:

Denne referatsaka vart lagt fram på møtet:

1. Avgjerd om klage på løyve til biogassanlegg på Melsgjerdet.
Miljødirektoratet 21.11.2022

Sak 49-22 Godkjenning av møtebok


Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 29.11.22 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 29.11.22



Hallvard Bjørneset
Leiar



Henriette Hafsaas



Hans Peter Eidseflot
referent



Anne Ellingsen
Nestleiar



Ove Myklebust